



Ny kommune i indre Sunnfjord

Administrativ styringsgruppe

Dykkar referanse:

Sakshandsamar:
Malin Moldestad
Tlf.

Vår referanse:
17/6-13-ØH-
FE - 035

Dato:
11.12.2017

Administrativ styringsgruppe, referat frå møte 01.12.17

Tidspunkt: Fredag 01.12.2017, kl. 09.00 -12.00
Stad: Førde rådhus, møterom Haukedalen
Møteleiar: Ole John Østenstad

Til stades: Elin Enebakk, Ellen Jensen, Øyvind Bang-Olsen, Solveig Bringeland, Marit Solheim og Øystein Høyvik, Ole John Østenstad og Atle Fasteland

Ikkje til stades: Stian Jakobsen, Torill Anita Segtnan

Andre til stades: Anette Sollid, Lise Mari Haugen, Malin Moldestad

Utsendt dagsorden:

Tidspunkt	Kva
09.00 – 09.30	<ul style="list-style-type: none">Gjennomgang og godkjenning av referat frå møte 03.11.17Fast post<ul style="list-style-type: none">Kort gjensidig orienteringInformasjon som bør/skal sendast til medlemmane av fellesnemnda?Evaluering og oppfølging av møte 21.11.17 (HTV og HVO) og 28.11.17 (prosjektgruppene)
09.30 – 09.50	<ul style="list-style-type: none">House of Control (kontraktsoppfølging) v/ Lise Mari Haugen https://www.houseofcontrol.no/produkter/complete-control/
09.50 – 10.10	<ul style="list-style-type: none">Drøfting knytt til bruken av intranett, prosjektportalen og rigging av dei ulike prosjekta v/Øystein Høyvik
10.10 – 10.30	<ul style="list-style-type: none">Status prosjektsekretariatet v/Øystein HøyvikProsjektleiing digitalisering v/Øystein HøyvikAndre personellbehov v/Øystein Høyvik
10.30 – 10.50	<ul style="list-style-type: none">Kommunikasjonsplan v/ Anette Sollid (ligg vedlagt)
10.50 – 11.10	<ul style="list-style-type: none">Møte i fellesnemnda 13.12.17<ol style="list-style-type: none">Gjennomgang av køyreplanSaker til fellesnemnda sitt møte 13.12.17 – drøfting og ev. gjennomgang av prosjektleiar si tilrådingar v/ Ole John Østenstad
11.10 – 11.40	<ul style="list-style-type: none">Budsjett for prosjektperioden (oppdatert utkast til budsjett blir sendt ut torsdag) v/ Øystein Høyvik
11.40 – 12.00	<ul style="list-style-type: none">Administrativt nettverk KS Vest 07.12.17Fellesnemnda sitt møte 31.01.17 – første drøfting om innhald, saker mvMøteplan administrativ styringsgruppe – behov for endringar?

- | |
|-------|
| • Ev. |
|-------|

Gjennomgang og godkjenning av referat frå møte 03.11.17

- Godkjent

Fast post

- Kort gjensidig orientering
 - Ole John Østenstad orienterte om sak om kjøp av Nærleiken barnehage
 - Elles ikkje noko nytt
- Informasjon som bør/skal sendast til medlemmane av fellesnemnda?
 - Ikkje noko nytt

Evaluering og oppfølging av møte 21.11.17 (HTV og HVO) og 28.11.17 (prosjektgruppene)

- Øystein Høyvik informerte om møtet og tilbakemeldingar frå møtet med HTV og HVO
 - Gode tilbakemeldingar
 - Samlingane bør vere meir målretta, vurdere å dele opp i tematiske grupper eller delar og vurdere å sende ut problemstillingar i forkant av møte
 - Møterida blir redusert til to timar i 2018
 - Viktig at hovudsamanslutningane følgjer opp eigne organisasjonar etter samlingar
- Øystein Høyvik informerte om møtet og tilbakemeldingar frå møtet med prosjektgruppene
 - Vi må nytte mogleikar der prosjektleiinga kan informere om status i kommunereforma under aktuelle samlingar og arenaer.
 - Positiv tilbakemelding til bruk av eige intranett, ønskje om open opplæringsdag knytt til bruk av intranettet
 - Ingen innvendingar til frist om innlevering 22.12.2017
- Møtet 01.02.2018 blir utvida til eit heildagsmøte, etter ønskje frå prosjektgruppene
- Prosjektsekretariatet må vere limet og det bør vurderast om sekretariatet skal leie nokre av gruppene.
- Oppmoding om at informasjons- og kommunikasjonsarbeidet blir meir målretta.
 - Kommunane skal ha eigne informasjonsmøte for sine tilsette over nyttår, men vidare må dei samlast

House of Control (kontraktoppfølging) v/Lise Mari Haugen

- Lise Mari Haugen informerer om dagens praksis for kontraktoppfølging i Acos, som ikkje er god nok, og House of Control som eit godt alternativ for å sikre god kontraktoppfølging
 - Rådmennene er samde om at betre kontraktoppfølging er naudsynt, men organisering og omfang må vurderast opp mot kostnad og kapasitet
 - Rådmennene skal følgje opp i sin kommune - kartlegge dagens praksis og få ei utgreiing frå den som er ansvarleg for kontraktoppfølging
 - Lise Mari Haugen skal følgje opp og vurdere ulike avtalar
- Invitasjon til deltaking i prosjektet samarbeid for digital kompetanse i kommunane
 - Administrativ styringsgruppe har ingen innvendingar til deltaking i prosjektet
 - IKT prosjektgruppa positive til å delta i prosjektet og skal sende ein søknad

Drøfting knytt til bruken av intranett, prosjektportalen og rigging av dei ulike prosjekta v/Øystein Høyvik

- No er bruken av «felles område» over og all informasjon skal leggjast inn på intranettet
- Prosjektsekretariatet skal få opplæring i bruk av prosjektportalen og ha hovudansvaret for informasjonen der
- Drøfting om rådmenna og prosjektsekretariatet si rolle i prosjektgruppene, samt kven som skal leie prosjektgruppene, dette må evaluerast i januar

Status prosjektsekretariatet, andre personellbehov v/ Øystein Høyvik

- Prosjektsekretariatet består av 3,25 årsverk
- Øystein Høyvik stiller spørsmål om det er noko anna kompetanse som er nødvendig i prosjektsekretariatet – IKT/digitalisering, personal, arkiv, rekneskap eller større utgreiingskapasitet?
- I denne fasen er det tilstrekkeleg, men vi har mogleik til å utvide om det blir naudsynt

Bruken av infrastrukturmidlar – prosjektleiing digitalisering v/Øystein Høyvik

- Prosjektleiing digitalisering av tenester (3,2 mill.), prosjektleiing breiband og mobilnett (1,0 mill.) og vidokonferanseutstyr mv. i dei fire rådhusa (0,8 mill.)
- Det skal tilsetjast ein prosjektleiar knytt til IKT/digitalisering, 100% stilling i driftsfasen
 - Dette prosjektet gjelder fleire prosjektgrupper så prosjektleiaren bør ha gode kommunikasjonssevner og erfaring med prosjektleiing.
 - Stillinga skal lysast ut eksternt, og den blir ein del av prosjektsekretariatet.
 - Øystein Høyvik lager eit utkast til stillingsannonse.

Kommunikasjonsplan v/Anette Sollid

- Anette Sollid presenterer kommunikasjonsplanen og publiseringsguide
 - Positive tilbakemeldingar
- Fellesnemnda skal vedta kommunikasjonsplanen i møtet i januar

Møte i fellesnemnda 13.12.17

- Gjennomgang av køyreplan
 - kl. 10.00 - 10.15: Informasjon frå fungerande prosjektleiar
 - kl. 10.15 - 10.45: Halvårleg evalueringsmøte med kyrkjeleg fellesnemnd
 - kl. 10.45 - 11.30: Digitalisering
 - kl. 11.30 - 12.00: Møte i PSU
 - kl. 12.00 - 12.30: Lunsj
 - kl. 12.30 - 13.45: Møte i fellesnemnda – ev framhald av møte i PSU
 - kl. 13.45 - 14.45: Informasjon om Jølster som samfunn og organisasjon
 - kl. 14.45 - 15.00: Nytt frå kommunane som har relevans for den nye kommunen
- Gjennomgang av saker
 - Friskhus i Naustdal, Ole John Østenstad går gjennom prosjektleiar sitt framlegg til vedtak i denne saka
 - Tilsetting av prosjektleiar/rådmann
 - Prosjektstøtte kyrkjeleg fellesnemnd
 - Godtgjersle, kompensasjon og frikjøp – skal først i PSU
 - Budsjett for prosjektperioden

Budsjett for prosjektperioden v/Øystein Høyvik

- Øystein Høyvik presenterer endringar i framlegg til budsjett for prosjektperioden
- Budsjettet må reviderast jamleg, truleg ein gong i halvåret

Administrativt nettverk KS Vest 07.12.17

- Atle Fasteland og Øystein Høyvik reiser på møtet

Fellesnemnda sitt møte 31.01.17 – første drøfting om innhald, saker mv.

- Anette Sollid skal presentere kommunikasjonsplanen
- Skuggebudsjett
- Administrative prosjekt
- Politisk verkstad knytt til dei politiske prosjektgruppene?

Møteplan administrativ styringsgruppe – behov for endringer?

- Ingen merknader

Eventuelt

- Ingen merknader

Med helsing

Malin Moldestad
Konsulent

Dette brevet er elektronisk godkjent av fellesnemnda om det ikkje er signert.

Kopi til:

KRYSS Revisjon v/Terje
Førde
Sekom v/Arnar Helgheim